

# Dialogmøte for regional plan for kultur, Førde 23. august 2017

## Referat frå plenumsdiskusjon og kafédialogar

### Referat frå plenumsdiskusjon

Under plenumsdiskusjonen kunne alle deltakarane fremje tema dei meinte var viktige i arbeidet med ein regional plan for kultur i Sogn og Fjordane. Jan Heggheim var ordstyrar. Her er innspela refererte i den rekkefølga dei kom:

- Kanskje vi skal fokusere på kva som er unikt med SFJ? Vi er mange små einingar – kva er fordelane med det? Er det noko vi kan spele inn der? Kva må vi ta vare på for å verne om desse strukturane?
- Struktur, prosess og dialog er sentrale tema for den nye planen. Det er viktig å få fram korleis ein får gode strukturar. Mindre fokus på tema. Kan ein kanskje få eit samarbeid med stat, på same type som den svenske samverkandsmodellen? Dette må i så fall løftast opp på politisk nivå.
- Frivilligheita og frivillig sektor er ein bærebjelke i heile fylket. Vi har ei utfordring som handlar om å få gode leiarar, gode tillitsvalde og frivillige som vil ta på seg dette ansvaret. Vi må gjere ein jobb for å få på plass ei støtte rundt leiarane innanfor det frivillige. Fylkesledda av organisasjonane, samt kommune/fylke/regionalt ledd må ta ansvar for dette. Dei kan t.d. trenge fagleg påfyll, å bli sett, støtte, hjelp, inspirasjon etc. Fylkesledda (frivillige + offentlege) må legge til rette for møteplassar. Det må bli stilt krav om at fylkesdekkande organisasjonar stiller opp her. Dette kan styrke samarbeidet og styrke dei lokale bærebjelkane.
- Før i tida var det eit forum der politikarane og kulturfolk møttes. I slike møte vert vedtak forma. Det vert i dag for få møte mellom kulturpolitikarane og kulturfolka. I kommunane har ein komitear som skal ta seg av kulturpolitikken, men dette er ikkje vedtaksforum. Kulturpolitikarane blir vekke og engasjementet for kultur lokalt vert også vekke. Vi må finne ein måte desse kan kome saman. På dei møta vi har, er det få politikarar som stiller. Det må vere meir attraktivt å vere kulturpolitikar.
- Kulturopplevingar er viktig, men eg håper denne planen også tek med aktivitet – dei som er aktive innanfor kultur jamleg. Når det gjeld finansiering av kultur må vi gå vekk frå prosjektfansiering og over på ei finansiering som legg til rette for langsiktig planlegging og utvikling.
- Eg vil gjerne framheve det deltakande mennesket. Oppleving av det gode liv heng saman med både aktivitet og deltaking/oppleving. Vi er avhengige av dei profesjonelle kulturaktørane for at alt det andre skal fungere. Kulturhusa der vi kan utøve og oppleve kultur er veldig viktig. Husa må vere funksjonelle og må kunne brukast både i det daglege kulturlivet og for fyrtårnsarbeidet. Kulturens betydning for helse og for korleis vi har det i samfunnet er mykje viktigare enn mange tenker over. «Festivalpass på blå resept» bør kanskje vere eit mål.
- Vi tek utgangspunkt i at vi skal ha kulturelle fyrtårn, men det vart i diskusjonen tidlegare stilt spørsmål ved om vi verkeleg trenger kulturelle fyrtårn i Sogn og Fjordane, og om vi faktisk kan bygge opp slike? Det er også viktig å diskutere.

- Eg vil slå eit slag for at det skal vere mogeleg for profesjonelle kunstnarar å bu i kommunar rundt om i fylket. Dei bidreg i stor grad til lokalsamfunna. Lokale organisasjonar etc. bør ta i bruk desse personane som ressursar slik at dei også kan fortsette å bu der dei bur.
- Det er viktig å sjå samanhengen mellom kulturfyrtårn og det frivillige livet. Kulturkonsumentane er også viktige. Ein må ha kvalitativt gode kulturkonsumentar for å dra nytte av det kvalitativt gode kulturlivet.
- Det er veldig få gode lokale til å stille ut biletkunst i Sogn og Fjordane. Nokre få kommunar har dette. Dette må på plass om ein vil fremje kunsten.
- Eg vil gjerne at vi brukar ordet kunst saman med ordet kultur meir i planen. Dei profesjonelle kunstnarane har mykje å bidra med, men det skal også vere attraktivt for dei å bu, jobbe og leve i Sogn og Fjordane. Dei trenger arbeidslokale, møteplassar etc. Møteplassar vert attraktive om ein kan treffe fagfeller og andre kunstnarar. Det er også attraktivt å treffe politikarar og ulike institusjonar.
- Om ein ser på Norsk kulturindeks for Sogn og Fjordane frå Telemarksforsking, kan ein sjå at nokre få kommunar i fylket ligg høgt oppe på denne indeksen. Gloppen kommune var nr 1 i 2011 eller 2012. Kunstnartettleiken i fylket er halvparten av landsgjennomsnittet. Korleis kan fylket bidra til å endre dette? Den sektoren som har tapt mest på at sektorpolitikarane er vekke er nok kultur. Det var enklare den tida ein hadde politisk utval på sektornivå. Museumsaktiviteten er også lav i fylket. Dette skuldast dårlege og feilaktige tilsettingar i musea. No er vi på rett spor – det er mellom anna meir satsing på formidling. På musikkfeltet er vi gode. Her ligg det ein konsentrert innsats frå fylkeskommunen tilbake til 80-talet til grunn – festivalar, kulturskule med meir. Eg håper fylkeskommunen også vert bidragsytar til museumssektoren for å sikre vidare utvikling/betring av denne. Frivilligheita har blitt meir profesjonalisert, men også meir konsentrert om nokre få tiltak i året. Den jamne frivilligheita som går gjennom året er på vikande front. Det vert forska på utvikling av frivilligheit. Det hadde vore interessant å sett på dette, kanskje kunne ein hatt ein konferanse med dette som tema? Fyrtårna er også avhengige av frivillig innsats.
- Totalt trur eg det er ei auke av kultur og kulturtilbod no. Men politikarane skal vere ombodsmenn for folket, det er der problemet ligg. For å ha gode institusjonar og god kultur må ein samarbeide godt, og det er her eg meiner vi ikkje er gode nok.
- Det er for lite satsing på kunst i Sogndal. Hadde vi hatt nokon å spele på lag med, hadde det vore enklare.
- Sogn og Fjordane er på topp nasjonalt på tilbod frå kommunar og frå fylkeskommunen i den kulturelle skulesekken, og dette reflekterer både mengde og breidde. Ungane får tilbod innanfor alle kunstfelte kvart år. Kommunane er ulike når det kjem til korleis dei brukar dei ressursane dei får til å jobbe med skulesekken lokalt.
- Er det mindre og dårlegare kultur no enn før? Eg meiner det er meir aktivitet no enn før. Men vert det berre meir til oss som allereie brukar det som er? Greier vi å bruke kulturpolitikken til å nå fleire med ulike typar kulturtilbod og kulturaktivitetar?
- Ei utfordring i ein slik plan til politikarane på nasjonalt nivå kan vere at vi må ha meir satsing på praktiske og estetiske fag i skulen. Mange føler at dei ikkje forstår og difor ikkje kan nyte/oppleve kultur.
- Vi må tenke livsløp innanfor kultur – ein må til dømes både satse på dei små, men også dei unge vaksne som må ha noko å kome heim til, også innanfor kultur. Ein må ha tilbod til alle innbyggjarane gjennom heile livet. Då kan ein snakke om attraktivitet og tilflytting.
- Det stemmer at frivilligheita er i endring – frå jamt og varig frivillig arbeid til ad hoc-frivilligheit, t.d. festivalar og liknande. Dette utfordrar oss, og er noko vi må ta med oss. Vi må

ha ein balanse mellom dei som jobbar gjennom heile året og dei som stiller på enkeltarrangement. Begge er viktige. For første gong har alle kommunane fått busette flyktningar. Dette er nytt for mange kommunar, og dette er eit stort ansvar også for det frivillige liv. Det er frivillige aktivitetar som er fritida for mange av oss. Vi må bruke både fyrtårna, men også mangfaldet av frivilligheit til å skape kultur for alle. Vi har ein veg å gå.

- Flyktningar og arbeidsinnvandrarar – ein må hugse begge gruppene.
- Det er viktig å sjå på dei vi ikkje når. Vi må satse på å utdanne folk med ei basisutdanning innanfor kultur. Vi må ha gode lærarar. Kulturskulane fangar opp ein del av dette. Eg trur vi kunne utnytta fyrtårninstitusjonane betre om vi hadde tenkt strategisk og gjort avtalar mellom kommunane for til dømes å sende folk i buss og skape opplevingar for alle. Vi tenker ikkje nok på dette. I Førde har ein samarbeid med asylmottaka og med Lions. No når vi skal inn i ein ny region må vi spele inn ein del her. Treng vi fyrtårn? Vi må tørre å tenke stort nok – vi har stavkyrkjer, kongevegen, språket vårt etc. Vi må tørre å tenke utvikling rundt det unike vi har. Vi må tørre å tenke stort.
- Vi må seie kva vi har av vegkryss, og kva vegval vi må ta. Korleis har samhandlingsarenaen vore mellom frivillig-offentlig-profesjonell. Her må vi evaluere og eventuelt gjere endringar. Kultur må koplast på samfunnsutvikling. Kultur er avgjerande for bustadattraktivitet og for besøksattraktivitet. For næringsattraktivitet må ein kople frivillige og andre.
- Det er viktig at inkludering skal gjelde alle – flyktningar, arbeidsinnvandrarar, menneske med spesielle behov, og menneske som har lyst å delta, men som ikkje får det til. Vi må fjerne barrierar. Vi har for lite tverrfagleg samarbeid til å kunne utnytte dei ressursane vi har. Integrering er 1 til 1, men inkludering er det vi som majoritet har ansvar for.
- Det er kjekt å møte det samla kulturlivet. Dialog er viktig, og å bruke ulike arenaer saman er viktig. Eit godt døme er Førdefestivalen som brukar musea som arena. Vi må satse meir på dialog, samarbeid og å fremje kvarande.

Ordstyrar og referent: Sigrun Espe

### **Oppsummering frå Jan Heggheim:**

- Planen må i sin natur vere overordna
- Viktig med politisk forankring
- Vidareutvikle kulturell infrastruktur
- Livsløpstenking: Vi må utvikle publikum frå dei er barn, m.a. satse på praktisk-estetiske fag i skulen og kulturskulane
- Byggje opp kulturarenaer og møteplassar
- Satse på kulturelle kraftsenter/fyrtårn
- Profesjonalisering – samspel mellom profesjonelle og frivillige
- Mot ei regionreform – viktig å kartleggje og prioritere – vere klar over kvar vi står og kva vi vil.

### **Referat frå kafédiskusjonane**

Deltakarane fekk ei oversikt over diskusjonstema ved møtestart og valde seg ut tre tema. På kvart bord sat ein ordstyrar og referent. Det var sett av ca. 15 minutt til kvar diskusjonsøkt.

#### **Bord 1: Gode lokalsamfunn**

Gode lokalsamfunn er eitt av dei overordna måla i kulturplanen. Det handlar om det gode liv i og mellom husa – for alle innbyggjarane i kommunane. Korleis legg vi til rette for at kultur kan vere ei aktiv kraft i samfunnsutviklinga? Korleis sikrar vi mangfald og motverkar utanforskap?

Stikkord frå diskusjonen:

- Mange drog fram det frivillige feltet, og peika på kor viktig det var. Også samarbeid mellom profesjonelle og amatørar/frivillige.
- Stimulere frivillighet, anerkjenne (bli sett), støtte (fagleg og økonomisk)
- Dei frivillige er limet i samfunnet
- Frivillighet og kultur må vere tema i all samfunnsutvikling og planlegging.
- Samarbeid mellom det offentlege og frivillig sektor.
- Gjere lokale frivillige til trygge leiarar (og trenarar, dirigentar, tillitsvalde osv) (4H). Gjere dei i stand til å ta i mot alle, med ulike bakgrunnar og utfordringar. Ha eit støtteapparat rundt.
- Rammekrav; økonomi og kunnskap/kompetanse. Rammer som gir handlingsrom for utvikling av tilboda knytt til kunst- og kulturbegrep, både deltaking og utøving.
- Støtte til prosjekt
- Fleire: Ha «enkle» tilskotsordningar og prosessar. Kunne skrive enkel søknad, for mindre beløp, enkel rapportering. Enkelt kunne få støtte til tiltak: oppmuntrar til større aktivitet. Dei store, vanskelege søknadene skremmer vekk ein del frivillige (for mykje å ta på seg).
- Tilskotsmidlar, t.d. til Den kulturelle spaserstokken, er viktig for aktivitet. Gjerne auka midlar (og enklare søknadsprosess)
- Treng lokale for å utøve aktivitet
- Må kunne oppleve kulturen
- Openheit og inkludering og samarbeid amatør/proff
- Lågterskeltilbod. Gå aktivt ut og finne dei som vanlegvis ikkje deltek, «hanke dei inn», kva gjer at dei ikkje deltek, er det vanskar/grunnar vi kan hjelpe med?
- Integreringskonsulent (tiltak i musikkorpsforbundet (?)) – ein som skal kunne finne fram til familiane som ikkje deltek, og hjelpe til med å inkludere også desse i aktivitetar.
- Variasjon. Folk er ulike, og einsidigheit vil medføre utanforskap.
- Mangfaldige innbyggjarar krev eit mangfald av fritidsaktivitetar.
- Inkludering. Vere aktive med å invitere alle med. T.d. inviter med på dugnad.
- «Aldri gi seg» når det gjeld å prøve å få med alle. Ikkje gi opp grupper om det skulle vere vanskeleg å få dei med i første omgang.
- Fjaler Frende – prosjekt 1-1-kontakt mellom innvandrar og fjalerbu
- Nye landsmenn: Støttekontakt/»kulturkontakt«. Følgjeordning for kulturtilbod i grunnskulen.
- *Kunst* og kultur. Definisjonar av ord i planen (og andre stader) er viktig, (Utøvande kunstnarar følte ikkje at berre «kultur» dekkar deira område.)
- Møteplassar – kunne møte kunstnarane i deira verkstad/atelier (ressursar til dette)
- Legge til rette for at profesjonelle utøvarar kan etablere seg også i mindre kommunar – nettverksbygging, produksjonslokale, møteplassar.
- Dei som får offentlig støtte til profesjonell kultur, bør ha krav på seg om å bidra til amatørlivet. Bidra til å profesjonalisere amatørane.
- I lokalsamfunnet er ofte dei som er profesjonelle på eit felt også viktige bidragsytarar i det frivillige livet. Men, dei profesjonelle må ikkje få ansvar for å drifte det frivillige i sin kommune på eige område (som «frivillig»). Må få lov til å vere privatperson.
- Vi må ha ein arena for systematisk dialog (for kulturfeltet).
- Kulturfolket må få ein plass i å utvikle kommunen, a la næringsforum.

- Partnerskap med fleire aktørar
- Føreseieleg økonomi for organisasjonane.
- Lågterskeltilbod for integrering
- Kunnskapsgrunnlag (i planen og elles) er viktig. HVL kan her vere sentral med kompetanse og analyse.
- Viktig med god kjennskap til feltet, godt grunnlagsmateriale: Kartlegging, kompetanse, statistikk.
- Utvikle forsamlings-/grendehusa vidare – ofte limet i bygda.
- Bruke kyrkja som kulturarena, for kulturarv, musikk, kunst, og kan vere ei scene for t.d. kulturskulen.
- Styrke kulturskulane. Likare og (lægre) elevbetaling. I dag er det store ulikheiter på elevbetaling mellom kommunane, ein god del vil ha problem med å betale. => A- og B-lag, og utanforskap.
- DKS må stimulere til deltaking og lokal utøving og kompetanseauke. Styrke kompetanse på kultur i skulen, slik at t.d. DKS blir viktig og tatt godt imot.
- La kulturen sleppe til i skule og på helseområdet
- Nysgjerrigheit og undring som verdi. Inspirere/provosere til tenking.
- Stoltheit over det vi representerer og driv med, ynskje om å nå ut.
- La innvandrarak få vise fram sin kultur, og sine ressursar, t.d. bruke dei i kulturskulen.
- Tverrfaglege samarbeid
- Kommunen kan ta ei rolle der dei lagar ei oversikt (nettside) over kva som skjer på kulturfeltet. Kva kulturtilbod (og organisasjonar, institusjonar) finst, kalender med kva som skjer og som ein kan delta på.
- Dei som jobbar med kultur i kommunen møtets 1 gang/år.

Referent: Anja Angelskår Mjelde

## **Bord 2: Kulturelle ressursar og verdiskaping**

I kulturplanarbeidet snakkar vi om kulturelle ressursar. Kva legg de i dette omgrepet, og korleis stimulerer vi til verdiskaping på kulturfeltet?

### Hjelpesprsmål:

Kva oppfattar du som viktige kulturelle ressursar?

Korleis kan vi sikre at desse ressursane vert aktivert ?

Korleis får vi til verdiskaping (kulturelt, sosialt, miljømessige og økonomisk) på kulturfeltet ?

Stikkord frå diskusjonen:

### **Kulturelle ressursar:**

Kulturarv og kulturminne, både materielle (til dømes stavkyrkjene, Kongevegen) og immaterielle (til dømes folkemusikken). Bidreg til identitet og trivsel.

- Naturen, kulturlandskapet og det historiske landskapet
- Museum
- Teater
- Musikk
- Dans
- Kunst
- Tradisjonshandverk
- Festivalar

- Historiske spel
- Det nynorske språket
- Fjordhesten
- Dei frivillige
- Amatøren /kulturarbeidaren
- Kulturbyråkraten
- Enkeltmenneske med engasjement og/eller spesielle personlege evner
- Kulturskulen gjev oss viktig kompetanse/ferdigheter på ulike kulturuttrykk
- Møteplassar og organisasjonsetablering er i seg sjølv ein ressurs fordi dei fungerer som ein form for infrastruktur. Her kan det regionale nivået spele ein viktig rolle ved å vere legge til rette

### **Verdiskaping:**

Vi må tilrettelegge møteplassar, sette mennesket i sentrum og gje rom til dei som vil «kultivere». Dette vil skape kulturaktivitet.

- Vi må sikre tilgang på lærakrefter innafor kulturfeltet. Born og unge må få tilgang til dette i eige nærmiljø. Dette vil kunne bidra til rekruttering av framtidige kulturarbeidarar og kulturkonsumentar.
- Profesjonelle kunstnarar må nyttast i undervisning og som inspiratorar og rettleiarar. Dei må også nyttast i nettverk både lokalt, regionalt og nasjonalt. Kunst må visast på festivalar, i form av utstillingar og gjennom offentleg utsmykking.
- Vi må sikre kompetanseoppbygging innafor kulturfeltet og kulturfag må få ein større plass i skulekvardagen.
- Kulturen må utviklast som ein fristad der vi kan samarbeide på tvers av kulturuttrykk.
- Vi må styrke formidlingsarbeidet - bli betre på å framheve kva vi har av kulturelle ressursar.
- Vi må styrke formidlingsarbeidet generelt. Folkeakademiet har lange tradisjonar på dette.
- Vi må etablere lokale prosesser der folk kan bidra og medverke med seg sjølv.
- Regionalt nivå kan bidra gjennom økonomisk stimulans og dermed bidra til auka aktivitet og større kulturell verdiskaping.
- Verdiskaping oppstår i møtet mellom profesjonelle og frivillige/amatørar.
- Verdiskaping kan oppstå i møtet mellom offentleg og private aktørar, og i skjeringspunktet mellom ideell og kommersiell verksemd. Her ligg det eit stort potensiale for meir verdiskaping.
- Verdiskaping handlar om moglegheit til å utvikle gode kulturopplevingar (basert på kulturen sin eigenverdi) og moglegheit til å utvikle kultur til næring.
- Vi må gje kultur som verdi større aksept og betre rammevilkår. Ikkje berre næringslivet som skal sikrast gode rammevilkår. Også kunstnarane må sikrast gode rammevilkår.
- Vi må sikre vedlikehald av kulturhusa våre. Desse er viktige for utøving av kulturaktivitetar.
- Frivillig sektor med sitt organisasjonsapparat stimulerer i seg sjølv til kulturell aktivitet og bidreg dermed til verdiskaping (døme her er korpsbevegelsen).

Ordstyrar og referent: Eva Moberg

### **Bord 3: Frivillighet**

Frivillighet er grunnleggande for å oppretthalde og utvikle gode kulturtilbod i kommunane. Samstundes er frivillig sektor avhengig av eit tett samarbeid med offentlege og private aktørar. Korleis legg vi til rette eit godt samspel mellom desse?

### Gruppe 1

- Noko av det som er mest krevjande for frivillige er administrasjon, som til dømes økonomi og søknadar. Kanskje det hadde vore mogeleg å fått til eit betre system for å kunne hjelpe lag og organisasjonar med dette lokalt/regionalt?
- Det er viktig å få til eit godt, og reelt samarbeid mellom frivillige og det offentlege. Dette samarbeidet kan kanskje institusjonaliserast, men til dømes stillingsressursar sett av til koordinering. Ei slik satsing på samarbeid vil krevje midlar.
- Det er viktig å hugse på kulturen sin eigenart. Dei frivillige organisasjonane ønskjer å bli sett av det offentlege.
- Møteplassar er eit nøkkelord for å få til samspel og samarbeid. Ein treng møteplassar mellom anna for å formidle kunnskap og tilby opplæring/kurs, som t.d. info om støtteordningar, søknadskurs, styrekurs, førstehjelpskurs etc. Ein treng møteplassar mellom det frivillige og det offentlege, men også mellom ulike frivillige organisasjonar. Dei ulike organisasjonane kan hjelpe kvarande og utfylle kvarandre, men nokon må legge til rette for dette.
- Det er viktig å ha ein aktiv dialog og møteplassar for utvikling av meir formelt samarbeid.
- Fylkeskommunen har inngått partnerskapsavtalar med ein del organisasjonar, og dette kan kanskje vere ein modell for samarbeid med frivillige i kommunane også. Partnerskapsavtalar bør legge til rette for gjensidig nytte.
- For frivillige organisasjonar er føreseielege økonomiske rammer viktig for all planlegging, utvikling og aktivitet. Dette er viktig å få på plass, både lokalt og regionalt.
- Det er ei god investering å bruke pengar på det frivillige – samfunnet kan få mykje igjen for dette.

### Gruppe 2

- Føreseielege høve er viktig. Organisasjonane må vite kva ein får for å kunne planlegge aktivitetar framover i tid. Kan den nye planen vere med å skape betre rammer for dei frivillige organisasjonane? Kanskje gjennom fleirårige samarbeidsavtalar.
- Det er viktig at det er enkelt å vere frivillig. Mange kvir seg på å gå inn frivillig arbeid på grunn av kompliserte prosessar knytt til drift, søknadar, samarbeid med kommunen m.m.
- Samordning og koordinering er ein nøkkel. Vi trenger møteplassar, arenavikling og generelt meir kommunikasjon. Det er viktig å få ei oversikt over den frivillige sektoren, og det er viktig at aktørane vert kjende med kvarandre. Felles samlingar og kurs er gode tiltak her.
- Skal den regionale planen seie noko om korleis kommunane skal arbeide med frivillighet? Den kan kanskje gje råd, retningslinjer og ei god verktøykasse.
- For å få til eit godt samarbeid mellom dei frivillige og det offentlege er det viktig med definisjonar og rolleavklaringar. Kva skal dei frivillige ta ansvar for, og kva er det kommunen som skal ta ansvar for. Det er viktig at kommunen har ansvar for alt der som er lovpålagt, og at ein finn gode måtar å samarbeide om det andre på.
- Frivillige organisasjonar er veldig ulike, og det er viktig at kvar einskild organisasjon får individuell handsaming. Det offentlege må tilpasse seg det frivillige. Ein kan t.d. legge møte på kveldstid og tilby uformelle møter eller samtalar over ein kopp kaffi. Det er viktig at organisasjonane veit kven dei kan ta kontakt med.

### Gruppe 3

- Alle kommunar bør ha ein frivilligplan, utarbeidd i samråd med dei frivillige organisasjonane.
- Føreseielege rammer i budsjett/økonomi er viktig. Dei frivillige organisasjonane vil gjerne vite kva dei kan gjere for å kome med på det faste budsjettet, og må difor ha ein god dialog med det offentlege.

- Det bør vere meir sikkerheit for langsiktig drift og mindre på prosjekterelatert økonomi.
- Tilgjengeleg statistikk frå alle kommunane vil kunne skape rom for samanlikning og debatt. I dei tilfella der det er store skilnadar mellom kommunane kan det vere lurt å diskutere kvifor det er slik.
- Det offentlege må ta ansvar for samarbeid med dei frivillige. Dei frivillige er frivillige. Det er også viktig å passe på at ikkje kommunane utnytter dei frivillige.
- Offentleg sektor må legge til rette for at det skal vere enkelt å vere frivillig, og må ha respekt for dei frivillige organisasjonane sin eigenverdi. Det er farlig å stille for mange krav til dei frivillige.
- Frivilligsentralar bør ha som mål å styrke organisasjonane, og ikkje bygge opp eigne tiltak med eigne frivillige. Frivilligsentralane kan vere ei viktig støtte for dei lokale organisasjonane. Eit regionalt nettverk for frivilligsentralar hadde kanskje vore lurt, for å dele erfaringar og kunnskap, lære meir og samarbeide.
- Det er viktig å hugse på skulen som ein kommunal samarbeidsarena. Der treff ein alle ungene.
- Det burde vere fleire distriktsmusikarar, og det offentlege burde samarbeide meir med det frivillige korpsmiljøet.
- Inkludering er eit betre ord enn integrering.
- Tilsette i kulturskulane kan vere med å skape gode faglege rammer også for det frivillige, men då er det viktig at dei kan tilby tenester som det frivillige har råd til.
- Det er viktig å ha gode kulturtilbod der folk er. Kva kjem til å skje med kulturskulane i nye storkommunar?

Ordstyrar og referent: Sigrun Espe

#### **Bord 4: Kultur i regionreforma**

Kulturplanen skal mellom anna førebu oss på ei regionreform. Kva for særlege omsyn må vi ta når vi utarbeider ein kulturplan med dette for auge? Kva skil vårt fylke frå andre på kulturområdet? Kva er vi sterke på i Sogn og Fjordane, og kva vil vi ha behov for å styrkje?

##### Gruppe 1:

- Mykje lokale ressursar – viktig å få ut potensialet.
- Kontakten mellom det frivillige og det offentlege er bra i fylket vårt i høve til andre fylke på vestlandet. Fylkeskommunen har vore flink.
- Det er ein styrke at kommune storleikane er forholdsvis like og ikkje dominert av eit kraftsenter som dominerer (som for eksempel Bergen i Hordaland). Vi har gode nettverk.
- Viktig med kombinasjonen «frivilligheit» og «offentleg instans» å kommunisere med. Litt for store forskjellar i dag. For mange avslag.
- Personlege eigenskapar hos kulturpersonane er viktig i det offentlege

##### Gruppe 2:

- Samarbeid med aktørar uavhengig av geografisk plassering er viktig – for eksempel samarbeid med Bergen.
- Vi må ha fokus på kva som er unikt med oss og vi må ha ambisjonar! Trekk fram det som held høgt nivå, for eksempel Astrup. Fyrlyktene vil opne auga for andre ting flotte ting i fylket vårt også.
- Vi er særleg gode i Hordaland og Sogn og Fjordane på folkemusikk. Ein har i Sogn og Fjordane hatt eit vellukka prosjekt der ein har presentert folkemusikken på ein båttur. Dermed fekk vi



kombinert kulturoppleveringar. Det at vi er flinke fører kanskje til at offentlege kontor vert flytta ut til distrikta. Kanskje har Førdefestivalen hatt sitt å seie der?

- Vi manglar i Sogn og Fjordane privat kapital til sponsing av kultur.
- Viktig med utveksling av kompetanse mellom regionane. Vi manglar i fylket vårt ofte spesialkompetanse
- Vi er gode på korps... og vi er mange, men vi treng samspel og samspelsarenaer. Møre og Romsdal og Hordaland er betre enn oss der. Ein finansieringsmodell knytta opp mot kommunenivået er kanskje eit problem? Kanskje den svenske løysinga som vart presentert er betre? Interessant at fylkeskommunen skjer ned.
- Sponsorar har ein forkjærleik for idrett. Er det kanskje vår feil? Er vi for dårlege seljarar?
- Kulturadministrasjonen
- Argumentere for dei kulturverdiane vi har som kan formidlast , gjerne på tvers. Immateriell kulturarv. Folkemusikk! Må styrke satsing på den klassiske musikken.
- Synleggjering av våre unike eigenskapar – og formidle stoltheit over dette. Vise fram det vi har som held høgt nasjonalt (og internasjonalt) nivå.
- Unikt: Folkemusikk, festivalar, kulturarv.
- Manglar: Spesialkompetanse, private pengar, nettverk.
- Ta omsyn til: Koplingar mellom regionane. Utveksling av kompetanse.

#### Gruppe 3:

- Identitet er målform – representerer ein hjørnestein
- Hald fokus på dette
- Arbeid med haldningar
- Få barn og ungdom til å ta ansvar
- Det ligg naturlegvis betre til rette for dette i Sogn og Fjordane enn i Hordaland
- Teater har målform i sentrum. For dårleg stilt med målforma hjå skodespelarane.
- Høgskulen på Vestlandet har nynorsk som hovudmålform
- Vi skal vere stolte av språket. Lokomotiv i landet.
- Positivt at fylket ikkje består av store dominerande kultursenter. Vektlegging på deltaking gir godt samarbeid.
- Mangel på senter er ein MANGEL vi treng kraftsentra (Arnt Ola: Altså litt usemje her☺). Vi treng ein kulturell motsats til Bergen, Oslo og Ålesund.
- Det kan vere ein fordel at vi er små >> Oversiktleg
- Sogn og Fjordane er gode på samhandling.
- Vi må leite etter dei fordelene vi har ved å vere små.
- Legg til rette for å skape ein identitet som ungdomane frå Sogn og Fjordane ber med seg i livet og som gjer livet rikare å legve i Sogn og Fjordane

Ordstyrar og referent: Arnt Ola Fidjestøl

#### **Bord 5: Attraktivitet**

Attraktivitet er eit sentralt omgrep i regional planstrategi for Sogn og Fjordane. Fylket skal opplevast attraktivt både for oss som bur her og for tilflyttarar. Kva rolle kan kulturområdet spele i utviklinga av attraktive lokalsamfunn?

- Legge til rette for rammevilkår for arrangement/festival i fylkeskommunale bygg, (Alkoholservering)
- Delta i utviklingsprosess skaper aktive samfunn
- Kvantitet

- Bygge kompetanse
- Formidle kulturtilbod betre for å gjere dette til eit konkurransefortrinn
  - Kvifor reklamerer vi for natur/friluftsliv og ikkje kulturen?
- Nettverksbygging/møteplassar
- Bidra til trygge oppvekstvilkår, aktivt organisasjonsarbeid
- At kunst og kultur er synlig
- Kvalitet både som konsument og bidragsytar
- Profesjonalitet
- Profesjonelt kunst/kulturmiljø, utfordra av ting som skjer
  - Bli inspirert
  - Nye kunst/kulturmiljø
  - Nettverk-prosjekt utover fylkesgrensene
- Fylkeskommunen kan ikkje stille krav om tilskot frå Kulturrådet for FK gjev tilskot til musikkfestivalar
- Fyrtårn – noko som ein er stolt av
- Kan skape fellesskap
- Mangfald i kulturtilbodet
- Kultur for deltaking – gje rom for å skape
- Kulturtilbod til barn og unge
- For å utvikle kultur aktivitet/attraktivitet - synleggjering i politisk system
- Kultursjef i alle kommunar
- Fleire kommunale stillingar som koordinerer det frivillige og profesjonelle
- Kan skape identitet
- Legge til rette for nye aktivitetar for alle og spesielt for eldre
- Identitetsmarkør som stoltheit
- Tilgjengelegheit – samlokalisering av kulturtilbod i sentrum
- Kulturtilbod kan kanskje vere avgjerande for å flytte til ein plass
- Mangfald for alle grupper
- Noko å vere stolt av
- Digitalisering
- Informasjon
- Attraktive møteplassar
- Nye attraktive kulturtilbod
- Mangfald – kartlegging, breidde
- Attraktivitet – variert kulturtilbod profesjonelt og frivillige, profesjonell kulturforvaltning, kulturelt fyrtårn, invitere andre inn
- Kulturskulen
- Frå 0 – 100+. Også inkludering av innflyttarar, ulike helseutfordringar, utanlandske m.m. Krev bevisst utviklingsarbeid i «samråd», dvs. regionsvis
- Fokus på det kulturaktive mennesket – meir enn berre opplevingar. Kulturskulane kan tilby dette i heile aldersspennet
- Utvikle attraktive lokalsamfunn krev profesjonell forvaltning og informasjonsformidling
- Stor breidde – blanding , profesjonelle/frivillige
- Profesjonalisert kulturkontor
- Føreseieleg økonomi i eit samla kulturbudsjett
- Viktig å invitere publikum inn til ulike kulturuttrykk

- Synleggjere/kommunikasjon på tvers av kulturfelt
- Attraktivitet = tiltrekking, tiltrekkingskraft
- Kva krefter kan gjere det attraktivt å flytte til og bu her? Kulturell kraft
- Kulturkreftene må vere varierte, dynamiske og fleksible. Kort reiseavstand. Gjeld også kulturforvaltninga
- Kulturell forankring
- Formidling av kulturminner, aktivitetar
- Plassere det som finst lokalt i samanheng, regionalt og nasjonalt
- Innbyggjarane kan vere ambassadørar for stad/region, men kan trenge hjelp på vegen til å bli stolte av sin stad og sine tilbod.

Ordstyrar og referent: Øyvind Høstaker

### **Bord 6: Kulturelle kraftsenter**

Korleis kan vi stimulere til vidareutvikling og nyetablering av regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn i Sogn og Fjordane?

#### **Kva har vi**

- Nynorsk
- Astrup
- Jakob Sande
- Kulturarv, folkemusikken
- Kulturlandskap
- Opera Nordfjord
- Malakoff rockfestival
- Fjordhesten
- Sogn og Fjordane teater
- Nynorsk
- Førdefestivalen
- Rom for ord
- Astrup-tunet
- Førdefestivalen
- Kraftsenter og fyrtårnsatsing treng knallhard prioritering av veldig knappe midlar
- Kulturelle kraftsenter: DKS/DM/FMG – ok. Musikk og kultur på eigne premissar. Festivalar i mange sjangre. Manglar klassisk musikk
- Kun eitt fyrtårn i dag, folkemusikkfestivalen
- Fyrtårn er /vil vere svært avhengige av frivillig innsats
- Fyrtårn oppstår ikkje som følgje av vedtak. Frivilligheit og engasjement ligg i botn.

#### **Satsingar / visjonar**

- Gi plan til nye kraftsenter. Jakob Sande-senteret under etablering
- Gi støtte til etablering, utgreiing og prosess av nye kraftsenter
- Lage felles mål, strategi for å nå måla
- Tydelege mål, korleis, måloppnåing, korleis utvikle prosessen
- Utfordring: institusjon vs frie grupper, samarbeid og begge deler
- Betre/utvikle lokal, regional forankring. Økonomisk stimulans, system for deltaking frå alle kommunar til nasjonale arrangement/institusjonar i fylket.
- Satse, våge å ha fyrtårn, stoltheit over dei

- Fyrtårn må ha kvalitet, ambisjonar og nedslagsfelt utover det lokale, regionale.
- Kulturelle kraftsenter = skape felles identitet
- Bygge vidare på det som er bra, men som ikkje er stivna
- Korleis kan vi i Sogn og Fjordane bygge vårt litteraturhus. Formidling og programutvikling
- Bygge på distrikta sine premisser
- Astruptunet, fylket sin kulturhovudstad. Nasjonalt kompetansesenter for å eige og drive kunstnarheimar.
- Rammevilkår for lokalar til arrangement, må finnast formidlingsarenaer
- Fyrtårn med eigenart skal løftast fram
- Nyetablering: ein stad/arena der morgondagens verdiskaparar (13 – 18 år) kan få utvikle talentet sitt saman med likesinna. Regionale samråd - saman med kulturskulane
- Nyskaping med potensiale til utvikling må prioriterast.
- Treng vi verkeleg dette med kraftsenter og kulturelle fyrtårn?
- Kan høgskulemiljøet vere med å utvikle kraftsenter med studium / forskning / kompetanse
- Fyrtårn: vere internasjonalt attraktivt
- Samarbeid/ kompetanseheving, høgskule
- Ha noko anna enn i byen

### Strategi

- Finne gode samarbeidspartnarar. Jakob Sande, samarbeide med Aasentunet, Haugesenteret, Nynorsk kultursentrum
- Tydelege prioriteringar, lokale handlingsprogram i kommunale planar. Skape raud tråd.
- Skape møtepunkt for dialog, med kultursjefar for prioriteringar
- Skape forum, møteplassar der kulturarbeidarar, kommunar og politikarar møtast
- Ha ein visjon som er hårete nok
- Samtalar, utdanning og økonomi
- Ambisjon: utvikle og sikre dei vi har i dag, gripe sjanse og moglegheit for å etablere nye
- Fyrtårn og breidde, begge må stimulerast
- Samhandling fagmiljøa i mellom, formalisering av kompetansedeling
- Prioritering, støtte ander og vere stolte saman
- Nyetablering, sjå etter engasjement, prioritere den som klarar å kombinere det. Privat – offentlig – frivillig
- Vidareutvikling: sjå dei individuelle behov til dei fyrtårna vi har, forstå dei og tilby den hjelpa som vil gjere verkeleg forskjell
- Bygge på eksisterande, og sjå dei
- Vi må våge å kommunisere ambisjonar og mål og sette handling bak dei
- Frivilligheit er kritisk for levande og gode kulturinstitusjonar. Det er ikkje motstrid mellom kulturfyrtårn med høgt nivå og involvering av frivillige/dugnad
- Struktur er viktig fugleperspektiv. Samarbeid over regionsgrensene
- Status og prioritet i planverk og budsjett.
- Fordelt over heile fylket, skapar ringverknader lokalt

Ordstyrar og referent: Sissel Lillebø Aarseth